



Referat

Årsmøte i IL Gular orientering

Tid: Torsdag 20. mars 2014 kl. 19.00

Stad: Gularkontoret, Kong Oscarsgt. 15

Til stades: Arne Johannesen, Svein Linga, Helen Martinsen, Jan Petter Hansen, Tore Juvik, Rune Nygaard, Tom E. Eikanger, Bård Hekland

1. Val av ordstyrar og referent

Svein Linga blei vald til ordstyrar. Bård Hekland blei vald til referent.

2. Godkjenning av innkallinga

Innkalling med sakliste var sendt ut til medlemene på e-post 13.03.2014. Innkallinga blei godkjent.

3. Årsmelding for 2014

Merknader til framlagt årsmelding:

- Styre og komitear: Det bør også nemnast kven som har representert klubben på krinsnivå og i andre samanhengar. Jan Petter Hansen har vore leiar i kartkomiteen i orienteringskrinsen og Arne Johannesen har vore kasserar. Hege Fjellbirkeland har vore medlem i brakebeinarkomiteen.

- Kart: Kringlebotn utgår. Revidert prioriteringsliste for ferdigstilling/oppdatering:

1. Tveitelii, Svein
2. Lyderhorn Nord, Svein
3. Haukås - Jonahola, Jan Petter
4. Isdalen
5. Knappen

Nytt styre søker hovudlaget om støtte til oppdatering av dei to sistnemnde karta.

Årsmeldinga og rekneskapen for 2014 blei godkjente.

4. Budsjett for 2014

Framlagt budsjett blei godkjent utan endringar.

5. Val

Valkomiteen si innstilling blei einstemmig godkjent.

Leiar: Bård Hekland

Kartansvarleg: Svein Linga

Arrangementsansvarleg: Tore Juvik
Kasserar: Arne Johannesen
Sportsleg leiar: Tom Eirik Eikanger

Representant for o-gruppa i hovudlagsstyret: Bård Hekland

Sportsleg komite: Tom E. Eikanger (leiar), Helen Martinsen, Rune Nygaard

Valkomite: Øistein Strømme og Hege Fjellbirkeland

6. Eventuelt

Me diskuterte kva løp det skal satsast på. Det blir felles opplegg til Odda 2-dagars (juni) og vestlandsmeisterskapen på Stord (august). Prioritert sommarløp er Kroatia 5-dagars. Stemninga var positiv til å arrangere langdistanseløp i oktober med innlagt 50-årsfeiring for Tore Juvik. Elles vil me prioritere eit tilbod for dei unge på tysdagane, med eigne treningar dei vekene det ikkje er sprintcup/pokalkamp, og me vil støtte deltaking på Hovudløpet/o-landsleiren.

Viktigaste eige arrangement blir rankingfinalen på Haukås 21. september.

Me diskuterte også korleis me skal få betre kommunikasjon internt og eksternt. Årsmøtet ber det nye styret arbeide vidare med dette, og meiner m.a. at det bør lagast ein felles nettstad for heile Gular. Det bør også vere ei open Facebook-gruppe for Gular orientering.